

# Plan for medverknad

## Områdereguleringsplan for Nestangen



## Dokumentinformasjon

Oppdragsgjevar: Sogndal kommune  
 Tittel på rapport: Plan for medverknad  
 Oppdragsnamn: Områdereguleringsplan for Nestangen  
 Oppdragsnummer: 639544-01  
 Utarbeidd av: Hilde Helene Bjørnstad  
 Oppdragsleiar: Turid Kristine Brekke  
 Tilgjenge: Open

02	10. mars 2023	Revidert etter møte med prosjekt	HHB	TKB
01	1. mar. 2023	Utkast til medverknadsplan	HHB	TKB
Ver	Dato	Beskriving	Utarb. av	KS

## Forord

Asplan Viak er engasjert av Sogndal kommune v/Plan og forvaltning for å utarbeide områdereguleringsplan for Nestangen.

Plan for medverknad skildrar korleis medverknad er planlagd organisert og gjennomført i samband med områdereguleringsplanen. Planen er dynamisk, og det vil kunne bli gjort endringar og tilpassingar undervegs i arbeidet.

Leikanger, 07.03.2023

Turid Kristine Brekke

Oppdragsleiar

Marit Selberg Sigurdson

Kvalitetssikrar

## Innhaldinform

1.	Innleiing	4
	1.1. Medverknad etter plan- og bygningslova	4
	1.2. Kommunale føringar for medverknad	5
	1.3. Planen sitt formål	5
2.	Formidling og kommunikasjon	6
	2.1. Informasjons- og medverkingsportal	6
	2.2. Ansvar for kommunikasjon	6
3.	Involvering	7
	3.1. Barn og unge	7
	3.2. Naboar og innbyggjarar generelt	7
	3.3. Interne aktørar	7
	3.4. Kommunale råd	8
	3.5. Regionalt planforum	8
	3.6. Politisk nivå	8
4.	Aktørar	9
	4.1. Aktørar i planarbeidet	9
	4.2. Aktørar som skal varslast om planarbeidet	10
5.	Framdriftsplan	11

# 1. Innleiing

Sogndal kommune skal få ein ny «bydel», og det er no sett i gang planarbeid for å utvikle området. Medverknad og dialog i planprosessen kan bidra til å styrke og utvikle lokaldemokratiet i eit samfunn. Å invitere befolkninga og forskjellige aktørar til å dele synspunkt og lokal kunnskap, kan bidra til både forankring og legitimitet i planarbeidet. Prosessen og dokumenta som følgjer med eit planarbeid kan stå fram som omfattande og krevjande å setja seg inn i for mange innbyggjarar. Det er difor viktig å informere og involvere ulike grupper i ein tidleg fase, slik at ein får ein god prosess for medverknad.

Viktige prinsipp i eit planarbeid er openheit gjennom lik tilgang til relevant informasjon, effektiv styring av planprosessen gjennom tidleg involvering og ein har fokus på moglege konfliktpunkt. Det er viktig å legge til rette for at det vert ein låg terskel for deltaking av ulike grupper for å sikre mangfald i medverknaden.

Det er viktig å tydeleggjere at medverknad ikkje er det same som medbestemming. Dei som medverkar gjev innspel og kjem med synspunkt, men det er framleggsstillar som med bakgrunn i tekniske løysingar, økonomi og andre faktorar som til slutt avgjer kva som fremjast.

## 1.1. Medverknad etter plan- og bygningslova

For å lage best mogleg planar, er det eit mål å få med innbyggjarane i planlegginga av deira samfunn og framtid. I plan- og bygningslova er medverknad forstått som *«enkelpersoners og grupper rett til å kunne delta i, og påvirke offentlig utrednings- og beslutningsprosesser»*.

Jf. plan- og bygningsloven § 5-1 skal alle som fremmar eit planframlegg sørge for at det blir lagt til rette for medverknad. Det er spesielt viktig å passe på at medverknad frå grupper med behov for spesiell tilrettelegging, eksempelvis barn og unge, blir gjennomført. Planframlegg skal vere lett tilgjengeleg, og det skal leggest til rette for dialog i alle fasar.

Opplagg for medverknad skal bli utforma i planprogrammet, og planframlegg skal bli sendt på høyring og bli lagt ut til offentleg ettersyn. Plan- og bygningslova har ikkje

formkrav til korleis medverknaden skal bli gjennomført og opplegget må difor bli tilpassa den enkelte planprosess på ein passande måte.

## 1.2. Kommunale føringar for medverknad

Sogndal kommune sin samfunnsplan har 4 verdier: Samskapande - Open - God - Nysgjerrig. Verdiane skal prege måten kommunen som organisasjon jobbar på, og skal ligge til grunn for dei vala og satsingane som skal gjennomførast. Med tanke på medverknad, er dei to første verdiane sentrale:

*«Samskapande betyr at me alltid skal søke å løyse oppgåvene våre saman med andre. Samskaping inneheld dessutan noko meir enn samarbeid: Det legg føringar for at det skal skje noko nytt.»*

*«Open betyr at det skal vere openheit knytt til det me gjer. Det betyr òg at kommunen som organisasjon skal vere open for å tenke nytt, open for andre perspektiv og for dialog rundt det me gjer.»*

Samfunnsplanen legg med andre ord opp til brei medverknad. For at Sogndal kommune skal få ein områdeplan på Nestangen som vert forstått og føreseieleg, bør alle som planen vedkjem få høve til å delta i prosessen.

## 1.3. Planen sitt formål

Føremålet med plan for medverknad er å gi ei oversikt over arbeidet med områderegulering av Nestangen og korleis det skal bli lagt til rette for medverknad i prosessen. Dette skal gjerast ved å legge fram planlagd framdrift for planarbeidet, korleis informasjon om prosjektet skal bli formidla, identifisering av aktuelle interesser og aktørar og når og korleis det skal bli lagt opp til involvering av ulike grupper.

Det skal nemnast at planarbeidet er ein prosess, og det vil kunne skje endringar undervegs.

## 2. Formidling og kommunikasjon

God og tilgjengeleg informasjon bidreg til inkludering av flest mogleg i planarbeidet. Det skal vera lett å gjera seg kjend med planprosessen, og informasjon om framdrift og medverknadsopplegg vil vera tilgjengeleg på kommunen si heimeside og på utfordrarbygda.no. I tillegg vil noko informasjon bli publisert på kommunen si facebookside, annonse i avisa og via meldingsteneste.

Vidare vil oppstart av planarbeidet bli varsla offentleg og til rørde parter i samsvar med krav i Plan- og bygningslova. Samtidig vil planprogrammet blir lagt ut på høyring.

### 2.1. Informasjons- og medverkningsportal

Det skal opprettast ein eigen informasjons- og medverknadsportal på nett. Denne vil bestå av GIS-modell, 3D-visningsmodell og kartfortelling. Her vil informasjon om planarbeidet og framdrift for prosjektet bli publisert undervegs i prosessen, samtidig som plattformen kan bli brukt til medverknad både digitalt gjennom direkte innsending av innspel, og i eventuelle fysiske møte. Her kan det til dømes vera aktuelt med ei løysing for kartfesting av innspel.

### 2.2. Ansvar for kommunikasjon

Sogndal kommune ved avdeling plan og forvaltning ved prosjektleiar Ane Janzy Yde Aasen vil ha ansvaret for kommunikasjon om prosjektet, og har ansvaret for å svare på spørsmål knytt til planprosessen.

Plankonsulent i oppdraget er Asplan Viak, ved arealplanleggar Turid Kristine Brekke. Asplan Viak har ansvar for å svare på spørsmål om innhaldet i plandokumenta.

Ane Janzy Yde Aasen  
tlf: 461 82 184  
[Ane.Janzy.Yde.Aasen@sogndal.kommune.no](mailto:Ane.Janzy.Yde.Aasen@sogndal.kommune.no)

Turid K. Brekke (Asplan Viak)  
tlf: 922 28 593  
[Turid.brekke@asplanviak.no](mailto:Turid.brekke@asplanviak.no)

## 3. Involvering

### 3.1. Barn og unge

For å vareta born og unge sine interesser er det aktuelt å involvere dei i kartleggingsfasen, for å kartlegge bruk og behov i området. Skule og barnehage er aktuelle kontaktpunkt. Det kan til dømes vere aktuelt å vandre med ei gruppe barn og ei gruppe ungdom i området og plote inn på kart undervegs. Vurdere å involvere foreldra i tillegg. Folkehøgskulen kan vurderast som kontaktpunkt for unge vaksne.

### 3.2. Naboar og innbyggjarar generelt

Denne gruppa består av naboar til planområdet, grunneigarar som høyrer til i dei utbygde områda innanfor planområdet, og innbyggjarar elles.

Naboar til planområdet og grunneigarar innanfor planområdet vil verta varsla direkte med brev i samband med varsel om oppstart av planarbeid og høyringar av planprogram og planframlegg.

Når det er skissert 1-3 konsept for utvikling av området vert det invitert til dialogmøte/arbeidsverkstad for å drøfte utviklingskonsept.

I samband med offentleg ettersyn og høyring vert det lagt opp til open kontordag, der prosjektleiar i kommunen har ansvar for å rigge til «stand» på Amfi kjøpesenter for å svare på spørsmål og hjelpe med å skrive innspel.

### 3.3. Interne aktørar


Denne gruppa består av grunneigarar innanfor transformasjonsområdet i områdeplanen, og utbyggingsaktørar med privat utbyggingsinitiativ i planområdet.

For denne gruppa vert det lagt opp til eigne arbeidsmøte raskt etter fastsetting av planprogram. Målet med det første arbeidsmøte er å kartlegge kva planar og behov grunneigarar og utbyggingsaktørar i området har.

Etter at det er utarbeidd 1-3 konseptskisser for området vert det lagt opp til nytt arbeidsmøte med denne gruppa for drøfting av dei ulike konsept.



Ved behov for avklaringar undervegs vil det vere aktuelt å ta kontakt med partane.



Figur 1: Blått område er definert som transformasjonsområde. Grunneigarar og eigedomsutviklarar innanfor området blir kalla "interne aktørar".

### 3.4. Kommunale råd

Kommuneadministrasjonen skal ha god dialog med kommunale råd i høve innspel til planarbeidet. Dette blir gjort enten via deira faste møte eller ved eit fellesmøte.

### 3.5. Regionalt planforum

På bakgrunn av planen sitt omfang skal planen takast opp i regionalt planforum, som er ein arena for samordna planlegging innan fylket, der interesser og synspunkt frå rørde regionale og lokale myndigheiter blir utveksla.

Når hovudføringane i planframlegget er på plass er det aktuelt å leggja planen fram for regionalt planforum. Eit eventuelt møte i regional planforum bør vera i forkant av at planen verta lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

### 3.6. Politisk nivå

Politisk leiing, formannskap og kommunestyre skal haldast orientert om planarbeidet undervegs i prosessen. Prosjektleiari i kommunen har ansvar for å orientere. Det vert lagt opp til politisk handsaming av val av konsept og i forkant av høyring og offentleg ettersyn.

## 4. Aktørar

### 4.1. Aktørar i planarbeidet

Tabellen under viser interesser og målgrupper som er viktige i planarbeidet.

Tabell 1: Oversikt aktørar

Aktør	Aktøren si interesse av prosjektet	Grad av påverknad på prosjektet	Prosjekttiltak/ aktivitetar
Kommunestyret	Planen skal ivareta politiske ambisjonar	Stor	Legge planen ut til offentlig ettersyn og vedta planen
Formannskapet	Planen skal ivareta politiske ambisjonar. Ansvar for strategisk retning og økonomi	Stor	Førebu vedtaka i kommunestyret. Handsame evt. KU.  Gje innspel ved drøftingar.
PFU	Planen skal ivareta politiske ambisjonar. Ansvar for konkretisering av strategiane.	Stor	Førebu vedtaka i kommunestyret. Handsame evt. KU.  Gje innspel ved drøftingar.
Kommunale råd	Skal ivareta interessegrupper	Middels	Drøfta planen i eigne møte  Arbeidsmøte etter konseptutvikling
Høyringsinstansar	Skal ivareta statlege og regionale omsyn. Moglegheit for motsegner.	Stor	Regionalt planforum, drøfte KU
Innbyggjarar	Planen påverkar liv og virke	Middels	Arbeidsverkstad før utarbeiding av plandokument
Næringsliv	Planen påverka virket deira	Middels	Varsel om oppstart og off. ettersyn
Frivilligheit	Planen påverka virket deira	Middels	Varsel om oppstart og off. ettersyn
Utbyggjarar (inkl. kommunen)	Planen gjev rammer for utbygging	Middels	Arbeidsmøte før og etter konseptutvikling
Grunneigarar (inkl. kommunen)	Planen gjev rammer for utbygging	Middels	Arbeidsmøte før og etter konseptutvikling

## 4.2. Aktører som skal varslast om planarbeidet

Under er lista opp aktører som skal varslast direkte ved brev/e-post ved oppstart av planarbeidet og offentlig ettersyn.

- Grunneigarar
- Naboar
- SIMAS, Sogn Interkommunale Miljø og Avfallsselskap IKS

- Miljøretta helsevern

- Folkehelse

- Frivilligsentralen

### Høyringsinstansar: Statlege og regionale myndigheiter

- Vestland fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Vestland
- Statens vegvesen
- Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
- Mattilsynet
- Kystverket

### Interesseorganisasjonar, frivillige lag og foreiningar

- Sogn og fjordane Bondelag
- Forum for natur og friluftsliv, Sogn og fjordane
- Naturvernforbundet, Sogn og fjordane
- Sogndal turlag
- Sogndal speidargruppe
- Sogndal båtlag
- Lurkarlaget
- Sjøspretten
- Sogndal dykkarklubb
- Norges handikapforbund
- Norges Blindforbund
- Leverandørenes Utviklings- og kompetansesenter (LUKS)
- Syklistenes landsforening

### Kommunale råd

- Aktivitets- og friluftsråd
- Kulturråd
- Eldreråd
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomsråd
- Innvandraråd

### Andre offentlege instansar

- Sognekraft
- Skyss
- Sogn brann og redning IKS

## 5. Framdriftsplan

Tabell 2: Framdriftsplan planarbeidet

FASE	AKTIVITET	2023				2024			
		1 kv.	2 kv.	3 kv.	4 kv.	1 kv.	2 kv.	3 kv.	4.kv
0	Oppstart og førebuande arbeid								
	Planprogram (inkl. vedtak)		15.6.2023						
1	Utarbeide plangrunnlag								
	Medverknad								
2	Plandokument og utgreiingar								
3	1.gong handsaming og offentlig ettersyn og høyring av planframlegget								
	Revisjon og slutthandsaming								

Tabell 3: Framdriftsplan for medverknad

<b>Fase 0: Varsel om oppstart og planprogram til høyring og offentlig ettersyn</b>		Aktivitet for medverknad
2023 1.kv	Ferdigstille planprogrammet.	Innspel til oppstart av planarbeid og innhald i planprogrammet.
2.kv.	Varsel om oppstart og planprogram til høyring og offentlig ettersyn.  Fastsetting av planprogram	
<b>Fase 1: Utarbeide plangrunnlag</b>		Aktivitet for medverknad
2023 2.kv.	Kartlegge interesser i området i forkant av utarbeiding av skisser.	Kartleggingsmøte med interne aktørar. Kartlegging barn og unge sine interesser.
	Utarbeide 1-3 skisser for utbyggingskonsept	Arbeidsmøte interne aktørar.

4.kv.	Politisk val av utbyggingskonsept som skal utarbeidast vidare.	Arbeidsverkstad naboar og innbyggjarar.  Prosessavklaring for politisk leiing.
<b>Fase 2:</b> Utarbeiding av plandokument		Aktivitet for medverknad
2023 4.kv. 2024 1.kv.	Utarbeiding av plandokument	Regionalt planforum
<b>Fase 3:</b> Offentleg handsaming og høyring av planframlegg og vedtak		Aktivitet for medverknad
2024 1.kv.	Planframlegg opp til handsaming administrativt og politisk i kommunen.  Kommunen legg planen ut til offentleg ettersyn og høyring.	Politisk handsaming.  «Stand» på Amfi kjøpesenter. Innspel i samband med høyring.
2.kv.	Kommunen tek i mot innspel og ferdigstiller områdeplanen.	Vedtak i kommunestyret.